



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 22. januar 2016

NVE

KLAGE – VEDTAK OM KONSESJON TIL RABELVA KRAFTVERK I RAUMA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. 201208196

Naturvernforbundet klagar med dette på vedtaket om å gi konsesjon til Rabelva kraftverk i Rauma kommune. Vi ber om at vedtaket blir omgjort, og at søknaden blir avslått.

Naturvernforbundet arbeidar i hovudsak med naturmangfald og friluftsliv. Viss det er nødvendig kan vi gjere nærare greie for vår klagerett.

Klaga dreier seg i stor grad om ei alt for dårleg kartlegging av biologisk mangfald, ei planløsning som har endra seg såpass at kartlegginga delvis er på feil stad og manglande vurderingar av samanliknbare område som vil vere igjen viss denne elva blir bygd ut. Verknaden på friluftinteressene er dessutan svært stor.

Sakshandsaminga

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har vore aktive med innspel til småkraftverksakene i mange år. Det siste året har vi etter oppmoding frå fylkeskommunen om samordning frå den grønne familien gjennom Forum for natur og friluftsliv (FNF) vore med på deira fråsegn, også i denne saka. Vi møtte også på synfaringa hausten 2015 for FNF.

Under synfaringa blei det klart at det ville kome ein justert søknad frå utbyggjar og at denne skulle sendast på ein avgrensa høyringsrunde. I påvente av ein slik søknad skreiv Naturvernforbundet ein rapport til FNF med det som vi fann under synfaringa. Sidan vi ikkje leverte eiga fråsegn, rekna vi

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

med at høyringsbrev berre ville bli sendt til FNF. Vi bad FNF om å få tilsendt høyringsbrevet, slik at vi kunne tilpasse våre innspel etter synfaringa til den justerte søknaden. Under synfaringa opplevde vi utbyggjar som veldig bakpå med planlegging og vurdering av plassering av inntaksdammar osv., så vi rekna med at denne justeringa kunne ta noko tid. I midten av desember tykte vi det gikk lang tid for å justere søknaden, og var i ferd med å kontakte NVE for å høyre kva som var skjedd. Då kom vedtaket. Vi har i etterkant fått vite at høyringsbrevet var blitt liggande hos FNF.


Dette fråtok oss moglegheita til å spele inn ein del vesentlege moment i etterkant av synfaringa. Når denne moglegheita forsvann, blir vi nøydde til å klage i staden, sidan ganske mykje av dette ikkje er fanga opp i vedtaket.

Plana for anlegget og høyring


Denne saka blei sendt på høyring 9.12.2014, med høyringsfrist 20.3.2015. Dette er ei tid på året då det oftast er uråd å drive med grundigare undersøkingar knytt til biologisk mangfald, og NVE sin eigen rettleiar seier at ein ikkje skal drive slik kartlegging på denne tida av året. Det var innkalla til synfaring 9.-11. juni 2015, ei synfaring Naturvernforbundet ikkje kunne delta på som følgje av andre avtalar med mange aktørar, slikt ein ikkje så lett flytter på. Men det kan hende var like greitt, for på den tida vil ein normalt ikkje sjå særleg mykje anna enn snø og is langs den øvre delen av elvestrengen som viser seg å bli direkte råka.

Feltarbeidet i denne småkraftpakka gjorde Naturvernforbundet 31.8.2014, på grunnlag av ein førebels søknad, sidan vi hadde høyrte at pakka ville kome. Då klarte vi å sjå over 3 vassdrag i Rauma og seinare 2 i Nesset før det blei vinter. Rabbelva var mellom dei 3, då ein gjennomgang av søknadene peika mot at dette vassdraget var det nødvendig å sjå på. Men for Rabbelva var det berre ein del av området som blei undersøkt då tida blei knapp og trasear var dårleg merka.

Det forundrar oss mykje at ein slik plan ikkje er meir gjennomarbeidd på søknadstidspunktet. På synfaringa 3. september 2015 var plassering av både røyrtrase og inntaksstaden framleis eit tema. Då vi gikk oppetter ein eller annan stad ikkje så langt frå røyrtraseen, såg vi at nærare elva ville det vere endå vanskelegare å legge røyret. Det er nettopp nærare elva at røyrtraseen no er plassert på kartet (rev. 09.09.2015) som kom med revidert søknad. Området er ikkje synfare i nokon grad, delvis fordi det var uaktuell plassering i sidebratt terreng slik det blei sagt på synfaringa.



Figur 1. Kart som fulgte førebels søknad, utlevert med atterhald frå NVE før august 2014



Figur 2. Kart som fulgte førebels BM-rapport frå Sweco, lasta ned januar 2013.



Figur 3. Kart som følgde søknaden som blei lagt ut på ordinær høyring.



Figur 4. Kart dagsett 16.6.2015.



Figur 5. Kart frå revidert søknad 9.9.2015.

Biologiske undersøkingar – areal som er kartlagd

Generelt om kartlegginga i denne saka kan ein seie at det er mykje som er kartlagd, men det er nesten ingenting av det som får direkte inngrep som er kartlagd. Unnataket er den midtre delen av elva der Bergan har kartlagd, men der er grensa mot edellauvskogslokaliteten mangelfullt fastsett til trass for undersøkingane. Eit vesentleg problem med kartlegginga i denne saka er at både kraftstasjon, røytrase og inntak har flytta seg opptil fleire gonger i løpet av prosessen (sjå figur 1-5) og no i etterkant av synfaringa 3.9.2015 har det landa ein stad få eller ingen har gjort kartlegging tidlegare. Dette prosjektet treng ei heilt ny undersøking av det biologiske mangfaldet, og ny høyringsrunde, slik at mellom anna organisasjonar og Fylkesmann osv. kan få sett på areala der anlegget er tenkt å bli plassert.



Figur 6. Sweco sin springslogg, henta frå søknaden.



Figur 7. Kart frå revidert søknad 9.9.2015.



Figur 8. Sweco sin sporlogg. Gul strek som viser rørtrase 9.9.2015, innlagt av Naturvernforbundet. Ein kan legge merke til at kraftstasjonsområdet truleg ikkje er undersøkt, og nedre del av rørtraseen, gul strek, er i alle fall ikkje godt undersøkt.

Sweco sine kartleggarar Solveig Angell-Petersen og Lise Risstad sin sporlogg (fiolett) syner at dei stort sett har klart å unngå sjølve elva, og det er berre ei kort strekning der dei har vore ganske nær rørtraseen. Inntaket ser heller ikkje ut til å vere særleg nøye undersøkt. Ein vesentleg del av edellauvskogslokaliteten, når det gjeld denne saka, har dei også unngått å undersøke. Swecos Per Inge Bergan (grøn loggstrek) har prøvd å reparere noko på manglane og har i alle fall gått ei strekning langs elva. Nærast elva er det nok stort sett bjørk, og dermed har ikkje dette fungert med omsyn til å finne utstrekninga av edellauvskogen.

Biologiske undersøkingar – Sweco si tilnærming til edellauvskog

Sweco har vald naturtypen gamal fattig edellauvskog av utforming gamal eikeskog. Når det er ein del alm, også styva, og i tillegg artar som myske, strutseving og torehjelm, då er det tale om rik edellauvskog. Utforminga gamal eikeskog må vere tatt frå lause lufta. Det er kartlagd 27 andre lokalitetar av gamal fattig edellauvskog i Møre og Romsdal. Det er då tale om hasselutforming, svartorutforming og almeskogutforming for dei som har slike opplysningar, og ein lokalitet med gamal eikeskog. Sistnemnte lokalitet kjenner vi godt, og den ser heilt annleis ut. Mellom anna finst det godt om eik der, noko det ikkje finst ved Rabbelva.

I verdigrunngevinga for naturtypelokaliteten Fløtmarka seier Sweco: «Alle forekomster av gammel edellauvskog karakteriseres som viktig (DNhåndbok 13). Med bakgrunn i dette verdisettes lokaliteten til verdi B, viktig. Den ble ikke gitt høyere verdi på grunn av størrelse og at lokaliteten har en del partier med yngre skog. Det er heller ikke gjennomgående mye hule trær/grove leger.»

Faktablad frå mai 2014¹ seier at alle rike edellauvskogslokalitetar på over 50 dekar skal ha verdi Svært viktig.

¹ Faktablad Rik edelløvskog, Tor Erik Brandrud, NINA 19. mai 2014.

Biologiske undersøkingar - edellauvskogslokaliteten

Sentralt for dette prosjektet er førekomsten av edellauvskog med alm. Våre undersøkingar fortel at utstrekninga er vesentleg større enn det Sweco har fått til. Avgrensinga mot elva er ikkje god, og lokaliteten går vesentleg høgare opp. Kartlegginga er vidare for dårleg til at ein veit kva raudlisteartar som er knytt til lokaliteten. Det står gamal alm i lokaliteten, og lav og sopp på desse gamle almane er ikkje undersøkt nærare. Sopp og lav på alm er ofte raudlista.




Figur 9. Frå Artskart. To av observasjonane til Folden (2.9.2015) ligg omtrent på gul strek. Her er observert hassel, selje og rogn, med lungeneversamfunnet godt representert (Lungenever, skrubbenever og fleire av vregene i tillegg til stiftfiltlav).

For å forstå dei biologiske verdiane i området, er det nødvendig å få ei litt heilskapleg forståing av utviklinga av området. Det meiner vi at vi har fått gjennom fleire dagar i området, og elles langvarig arbeid med liknande spørsmål i fylket dei siste åra.

Dei slakare delane av dette landskapet har tidlegare vore beiteprega, truleg med innslag av slåttemark. I beiteområda har det vore innslag av hagemark. Etter måten store og gamle rogn med lungeneversamfunnet godt representert, samtidig som ein ikkje ser andre treslag på same måten, kan peike i denne leia. I lia har det truleg vore meir beiteskogpreg, men også her har utvalde tre vore styva. Ein del eldre alm med styvingsspor finst i området framleis. Areal mot elva har vore noko prega av at elva er masseførande og legg frå seg masse. Elva blir då gåande høgare og høgare i terrenget der landskapet flatar ut, til ho til slutt tar eit nytt laup, slik ho har gjort ein del gonger, delvis permanent, delvis i flaumsituasjonar. Jordsmonnet nærast elva er noko skinnare enn elles. Nærast elva blir det mest boreal lauvskog. Lengst ned kan det vere innslag av gråor-heggeskog. Ein del tiår no har beitebruken vore svakare, og hausting i form av styving er gått ut. Resultatet blir at beitemarka, hagemarka og beiteskogen gror til, og vil etter kvart ende opp i det som var her tidlegare om det ikkje kjem til endringar som klimatilpassing osv. I røytraseen er det ikkje igjen verdier i form av beitemark. Noko areal er planta til med granskog, og der er det heller ikkje verdier igjen. Nærast elva vil det mange stader vere ein ordinær lauvskog, men avgrensinga av denne kan vere variabel og må undersøkjast nærare. Det som har vore hagemark og beiteskog vil i alle fall delvis utvikle seg tilbake til edellauvskog. Verdiane her må ein undersøke nærare for å vite kva det er og kvar det er. Verdiane kan i visse høve vere knytte til enkelttre. Her kan vere tale om alle verdier.

Strekninga markert med gul strek i figur 8 ligg langt på veg i eit område som kan vere alt mogleg, utan at det kan seiast mykje om det sidan ingen har undersøkt. Det er truleg mest bjørk i området, men rogn, selje og hassel er i alle fall observert. Det kan vere både osp og alm i dette området.



Figur 10. Frå Artskart 16.1.2016. Raude punkt gjeld alm. Gul strek er grov avgrensing av edellaauvskog i følgje Sweco. Raud strek er øvre edellaauvskogsgrensa omtrentleg innlagt i følgje Øystein Folden. Raud pil gjeld ei stor styva alm.

I området langs Rabbelva ligg det på Artskart kring 90 observasjonar. Steinar Stueflotten har observasjonar av fjellskrinneblom og skogstarr som ligg noko utanfor influensområdet. John Bjarne Jordal har funne stammesigd (NT) på alm i 2014 nær raud pil på fig.10. Øvrige observasjonar i området er gjort av Øystein Folden. Sweco sine undersøkingar er ikkje tilgjengelege i Artskart.



Figur 11. Selje, frå posisjon vist i fig. 9, dvs. i planlagd røytrase. Denne selja har omkrets 300 cm. Vidare er det godt med holrom, ein del vedmold og borken er nokså grov.

Viss det ikkje er nokon annan naturtypelokalitet som omfattar denne staden, så er treet aleine av naturtypen Store gamle tre D1216, med verdi Viktig. Viss det blir påvist raudlisteart på treet, vil verdien vere Svært viktig.

Foto Øystein Folden 2.9.2015.



Figur 12. Alm med stor dimensjon og ein del holrom, truleg tidlegare styva, funnen under synfaringa 3.9.2015, markert på kart i figur. 10 med raud pil. Det var ikkje tid til å undersøke om det var interessante sopp- og lavartar på staden, men potensialet er relativt godt for å finne slike. Det som syner på dette biletet aleine er omtrent nok til at ein får ein A-verdi av rik edellauvskog når ein tar omsyn til det potensialet ein ser her.

Naturvernforbundet sine undersøkingar når det gjeld edellauvskogslokaliteten er tilstrekkeleg til å slå fast følgjande:

Naturtype: Rik edellauvskog, utforming truleg fleire: Rasmark- og ravinealmeskog, gråoralmeskog.

Verdigrunngeving: Vurderinga er gjort etter revidert faktaark pr. mai 2014, sjå matrise nedanfor².

Når det gjeld raudlistearatar har ein alt påvist alm (VU) og stammesigd (NT). Det er elles gjort funn av det ein må anta å vere almekullsopp (NT). Det er elles sannsynleg at det finst fleire raudlisteartar, som knappenåslav, bleik kraterlav m.fl.

Verdisettingstabell.

Parameter	Lav vekst	Middels vekt	Høy vekt
Størrelse	Terskelverdi på størrelse (0,5 daa) oppnådd.	Størrelse 2- 10 daa	Store lokaliteter (>10 daa)
Artsmangfold Rødliste(RL)arter	Funn/stort potensial for 1-3 NT-arter	Funn/stort potensial for >1 VU art, eller >3 RL-arter.	Funn/stort potensial for ≥2 truede arter, 1 EN/CR art, funn/potensial for ≥10 RL-arter, eller større populasjoner av >2 RL-arter.
Artsmangfold (edelløvskogsplanter)	Edelløvskogsplanter lite tilstede	Flere kravstore edelløvskogsplanter tilstede, men i små forekomster.	Mange arter tilstede, eller større populasjoner/stor frodighet av edelløvskogsplanter som myske, tannrot, bredbladede gras, ramsløk, skogbingel, breiflangre, svarterteknapp, eller høystauder som skogsvinerot og storklokke.
Sjeldne eller truede naturtyper	-	Intermediære utforminger, og/eller små, fragmenterte utforminger av rødlistede typer/truede vegetasjonstyper.	Forekomst av rike utforminger av rødlistede naturtyper/truede vegetasjonstyper, samt rike typer med rødlistede treslag
Habitat-kvalitet	-	God habitat-kvalitet (se tekst)	Meget velutviklede habitat-kvaliteter (særlig rike typer; forekomst av gamle, grove trær & læger) (se tekst)
Påvirkning	Lite intakt pga. omfattende hogst med mye ungsog, eller inngrep (slitasje, veispor, avfallsdeponering)	Moderat intakt	Intakt, liten påvirkningsgrad på vegetasjon/jordsmonn og skogstruktur
Fremmede arter	Større forekomster av platanlønn, edelgran, eller fremmede busker	Mindre forekomster	Manglende
Sum verdi	C: (gis C hvis ikke B-kriteriene oppfylles)	B: To eller flere parametere av middels-høy verdi. (RL-kriteriet alene tilstrekkelig for B-verdi)	A: To parametere av høy verdi. (RL-kriteriet for høy verdi alene eller størrelse over 50 daa tilstrekkelig for A-verdi.


Dette gir verdi svært viktig, med god margin.

² Faktablad Rik edelløvskog, Tor Erik Brandrud, NINA 19. mai 2014.

Elles er det mogleg å anta noko om utstrekninga av edellauvskogen i øvre del av området. Frå elva kan ein der inndele terrenget omlag slik: Elv – elveskråning omtrent i rasvinkel – li litt slakare enn rasvinkel – øvre lauvskog – snaufjell. Elveskråninga omtrent i rasvinkel er skinnare enn det som er høgare opp. Såleis trur vi det er sannsynleg at nedre avgrensing av edellauvskogen skal ligge rett på nedsida av overgangen mellom elveskråninga omtrent i rasvinkel og den litt slakare lia. Fjerning av vegetasjon i øvre del av elveskråninga vil påverke edellauvskogen ovafor.

Vi ser elles ikkje for oss korleis ein kan grave ned eit røyr i så sidebratt terreng og samtidig vere trygg på at ikkje dette raser ut. Vidare vil det vere omtrent umogleg å plassere ein trase i form av køyresterkt terreng som ein kan ferdast trygt på seinare når ein alt ligg i rasvinkel. Skulle det teknisk la seg gjennomføre, er risikoen veldig stor for at løysingane krev mykje plass og lett vil sjå ille ut. Vi meiner difor at røyrtraseen vil påverke edellauvskogen ein del meir enn det NVE har lagt til grunn.

Samtidig med denne saka har det vore ei meir generell kartlegging i Rauma. Som følge av dette arbeidet er det oppretta ein ny naturtypelokalitet sør for Rabbelva. Det er tale om ein lokalitet med rik edellauvskog med verdi Svært viktig, med avgrensing omtrent hundre meter høgare opp i lia enn Sweco sin lokalitet. Naturvernforbundet har vore også i dette området.



Figur 13. Frå Gislink 17.1.2016. Naturtypelokalitetar og artsfunn viktige for forvaltinga er markert. Artsfunna kan vere mangelfullt oppdatert.

Det blir i vedtaket vist til at røyrtraseen er lagt unna edellauvskogen, og at ein ved detaljplanlegging

kan unngå å måtte felle gamal alm. Når kartlegginga er som i denne saka, kan ein ikkje akkurat stole på at det skal bli betre i detaljplanlegginga. Elles er det ikkje berre gamal alm som må sparast. For at det skal bli tilgang til gamal alm om hundre år, må det også sparast ung alm. Elles bør ein vere merksam på at almen i dette området er mindre utsett for hjortedyrskadar enn mange stader elles, sidan hjortedyra ikkje har opphald i området om vinteren. Viss alm kjem bort mange andre stader, vil viktigheita av alm i dette området vere avgjerande for artane som er avhengig av alm. Plassering av massetak/deponi som vist på kartet dagsett 9.9.2015 kan elles ligge i edellauvskogen.

Det står i bakgrunnen for vedtaket at Artskart er undersøkt 12.10.2015. Eksporten mellom www.artsobservasjoner.no og Artskart har hausten 2015 vore avvikande frå planlagd standard. Difor er det fullt mogleg at t.d. observasjonar gjort i byrjinga av september 2015 ikkje var kome med i Artskart då NVE gjorde sitt kontrollarbeid.

Etter to forsøk på kartlegging har Sweco bomma på type edellauvskog, bomma på utstrekning og bomma på verdi. Store gamle tre i røytraseen har dei heller ikkje funne, sjølv om slike finst. Dessutan har dei gløymt å passe på at funna deira kjem fram på Artskart. Dette gir sannsynlegvis feil vurderingar av verdi, verknad og omfang, og konsekvens for heile prosjektet. I tillegg er det ikkje sagt noko om liknande lokalitetar/verdiar elles i kommunen/regionen som framleis vil vere urørt om dette vassdraget blir bygd ut.

Dette er så mangelfullt at det ikkje gir grunnlag for vedtak etter forvaltingslova.

Friluftslivet

Dei synlege verknadene på sjølve elva av utbygging av Rabbelva vil ikkje bli så veldig store. Ein vil kunne legge merke til inntaksdammen frå nokre stader, og elles er det mindre vassføring som ikkje vil bli så veldig synleg. Men lydbiletet vil endre seg ein god del, og truleg passere terskelverdiar i form av at ein med utbygging vil bli utsett for sivilisasjonsstøy frå bygda.

Under synfaringa 3.9.2015 gikk vi turiststien på sørsida av elva nedover. Det var då lett å legge merke til lyden frå elva, varierende frå mykje lyd til eit sus akkurat nok til å skjule lyder frå lenger ned i dalen. Stien går i dag i natur, om suset frå elva blir mindre vil ein få andre påverknader, og opplevinga blir ein annan.

Denne turstien er ein del av eit større stinettverk med nasjonal verdi som er omtala nærare i FNF si fråsegn. Stinettverk av denne typen og verdi skal ein ikkje krympe. Slike verdiar kjem aldri igjen om dei først blir borte. Stinettverk av denne typen har høg verdi, og konsekvensen av at stiar fell ut av nettverket blir ofte svært store.

Satsinga i Rauma kommune på naturbasert reiseliv ser ut til å vere aukande. Turistforeininga sine medlemstal aukar. Trendane i tida peiker i same retning. Ein kan sjå for seg at det i framtida vil vere eit samanhengande stinett frå Åfarnes til svenskegrensa og sentrale fjellstrøk i Sør-Noreg, i tillegg til internt i Rauma kommune. Åfarnes - Skorgedalsbu - Måsvassbu - Vassindbu - Svartvassbu - Rabben - Loftskardselva - Fallebu - Grytilbu - Grøttavassbu - Saufonnbu – Vengedalen. For eit slikt prosjekt vil kraftutbygging i Loftdalselva og Rabbelva øydelegge veldig mykje.

Framføringa av røyrgate vil bli eit vesentleg inngrep i dette prosjektet. Den øvre delen av røyrtraseen vil bli liggande i sidebratt terreng som det er vanskeleg å bygge i, omtrent rasvinkel. Ryddebeltet vil bli betydeleg, også fordi skogen er delvis lagt flat av store snømengde, og det vil bli eksponert direkte mot turstien. Ein del stader er det dessutan store steinar som må flyttast på i dette området. Truleg gjeld det også den delen av røyrtraseen som ligg i den bratte elvesida, og dette vil i alle fall ikkje gjere verknaden av inngrepet mindre.



Figur 14. Frå Gislink. Stien markert med punkt, røyrtrase omtrentleg plassert med strek. Ryddebeltet vil nok bli omlag det doble av elvebreidda, stadvis meir.

Plassering av massetak/deponi som vist på kartet dagsett 9.9.2015 vil auke den visuelle verknaden av inngrepet.

Vassdragsplana i Rauma kommune

Vassdragsplana i Rauma kommune består av to delar. Den eine delen er ein fagleg gjennomgang av dei ulike vassdraga i kommunen, der ulike eigenskapar er verdsett og det er gjort ei viss rangering av vassdraga på det grunnlaget. Den andre delen er ei omfattande høyring og eit politisk vedtak. Så langt vi kjenner til er det i ettertid ikkje gjort noko fagleg arbeid for revisjon av denne plana. Dei endringane vi kjenner til er at fleire vassdrag i gul og raud sone er bygd ut, noko som bør tilseie at dei som er igjen er endå viktigare å la renne urørt. Det har heller ikkje vore noko ny høyring. Rauma kommune har gjennom eit vedtak utan førutgåande revisjon av fagleg grunnlag og utan høyringsprosess ser dei delvis bort i frå det planvedtaket som er gjort i si tid med plasseringa av dette vassdraget i raud sone og erstattar dette med tilråding om å bruke regelverket for gul sone. Det er uvisst om kommunen si vurdering tyder at det t.d. ikkje er noko vassdrag igjen i raud sone. I så fall må andre mynde gjere vurderingar av kva vassdrag som det er mest om å gjere å halde unna småkraftutbygging. Det Rauma kommune har gjort i denne saka er meir ei politisk ytring som ein ikkje skal forveksle med vanleg politisk handverk som er nødvendig for ein revisjon av vassdragsplana. Sjølv om det har gått ein del år sidan plana er vedtatt, så ligg det stor verdi i det vedtaket som blei gjort den gongen, som ein ikkje kan sjå bort i frå.

Når ein går inn i sakshandsaminga for Rauma kommune si fråsegn finn ein eit vedtak i formannskapet 24.02.2015, med presentasjon av alternativt forslag frå representanten Torbjørn Rødstøl:

«Vassdragsplanen er fra 2006 og er dessverre ikke rullert siden den ble vedtatt. Planen vurderer

kraftutbygging på generelt grunnlag innen avgrensede delområder. Rauma kommune finner det vanskelig å legge til grunn kriteriene i rød sone for de omsøkte prosjektene, uten å vurdere det enkelte utbyggingsprosjekt separat. En slik vurdering ville kreve en mye lengre og grundigere saksbehandling enn det som er mulig i denne høringsrunden.»

Rauma hadde i 2006 ein vassdragsplan der dei etter eit betydeleg fagleg innsamlingsarbeid og to rundar med høyring prioriterte vassdraga sine i tre kategoriar, grøn, gul og raud. For vassdraga som hamna i raud sone var det signalisert at kommunen ville vere negativ til utbygging, og at det ville vere store krav til dokumentasjon for å få vurdert eit slikt vassdrag for utbygging, i tillegg til at risikoen for å få nei er stor.

Den gongen hadde kommunen ei samla vurdering, sjølv om plana ikkje var fullkome.

Ved formannskapsvedtaket 24.2.2015 blir det tvert om sagt at det er greitt nok med utbygging, for det er krevjande å vurdere noko anna svar. Når dette blir lagt til grunn, har ikkje Rauma kommune lenger ei sortering mellom gul og raud kategori, og overlet denne sorteringa til andre.

Det er same utbyggjar og same kartleggar for biologisk mangfald for fleire av desse sakene. Det bør gi eit visst utgangspunkt for å samanlikne verdier i dei ulike prosjekta og seie noko om prosjekta opp mot kvarandre. Den invitasjonen tar ikkje Sweco.

Ganske mange av høyringspartane har gitt uttrykk for at Rabbelva ikkje bør byggast ut, og viser til at samla vurdering av fleire vassdrag i denne pakka og i dette området.

Konklusjon

Ganske mykje av røyrtraseen er ikkje undersøkt av biolog. Biologen har bomma heilt på utstrekning, type og verdi av edellauvskogen i området, og kjem dermed gale ut med konsekvensar m.v. av ei utbygging. Den biologiske kartlegginga har svært store manglar. Plasseringa av røyrgata har vore omskiftande, og plasseringa på kart dagsett 9.9.2015 er det få eller ingen som har fått sjekka nærare, bortsett frå kanskje utbyggjar. Verknaden på turstien, både visuelt og når det gjeld lyd er undervurdert, og verknaden på det større stinettet er ikkje vurdert.

Med slike føresetnader, kan ein ikkje gi konsesjon for utbygging. Søknaden må anten avslåast, eller vedtaket opphevast, slik at det kan gjerast undersøkingar av biologisk mangfald som har samanheng med det faktisk planlagde anlegget.

Med ein utbyggingspris på 4,81 kr/kWh vil det vere umogleg at dei positive verknadene av tiltaket veg opp for dei negative påverknadene for biologisk mangfald og friluftslivet spesielt. Føresetnadene for å gi konsesjon til dette prosjektet er ikkje til stades.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal